


Nr. 3 - Kva er vesentleg endring av gravplass?

Tiltak for brannsikring av kyrkja

I samband med brannsikring av kyrkjer, er det ofte aktuelt med tiltak på gravplassen; til dømes å grave ned ein vasstank og/eller legge vassrøyr.

Når er desse kyrkjelege sikringstiltaka òg ei vesentleg endring av gravplassen, slik at Statsforvaltaren skal handsame tiltaket etter § 4 i gravplassloven?



Illustrasjonsklipp sikringsløsning

Når føresetnadane nedanfor er til stades, vil det ikkje være naudsynt at Statsforvaltaren vurderer og godkjenner brannsikringstiltak for kyrkja som ei vesentleg endring av gravplassen.

Dei kyrkjene som er høgast prioritert for brannsikring med sløkkeanlegg, er ofte automatisk freda eller listeført (verna). Kulturminnestyresmaktene er til vanleg, aktivt involvert for å finne gode og konstruktive løysingar, sjå Rundskriv Q-6/2020.

Dokument med opplysningar om brannsikring av kyrkjer bør ikkje være offentlege, jamfør offentleglova § 24.3.

Føresetnader

- Vassrøyr skal ein legge i gangvegar eller andre traséar utanom gravfelt, sjå § 8 i gravplassforskrifta.

- Kulturminnestyresmaktene må ha gitt dei aktuelle dispensasjonane når kyrkja og/eller gravplassen er automatisk freda etter kulturminneloven: Riksantikvaren for kyrkja og fylkeskommunen for gravplassen. For listeførte (verna) kyrkjer må Riksantikvaren ha gitt biskopen si tilråding.
- Om det er mistanke om at det framleis kan være gamle graver utanfor dei nåverande gravfelta, må ein finne fram til ein annan trasé som er meir høveleg. Dette gjeld òg om området har nyare graver enn dei som er automatisk freda etter kulturminneloven.
- Avstanden frå ei grøft med røyr til dei nærmaste gravene må være så stor at det vil være praktisk mogeleg å gjere vedlikehald utan å komme nær ei grav. Dette er òg naudsynt for plassering av kraner og sløkkeutstyr.
- Avstanden frå ein vasstank som er graven ned, til dei nærmaste gravene skal være minst 3 meter.
- Biskopen må ha godkjent tiltaket på kyrkja ut frå regelverket i kyrkjeordninga for Den norske kyrkja og Rundskriv Q-6/2020.

Søknadspliktige endringar

- Endring av mur, gjerde, port, støttemur, oppfylling eller andre tiltak i gravplassen sin faste struktur er til vanleg søknadspliktig. Førebels tiltak slik som til dømes, fjerning av steinheller eller delar av eit gjerde, skal ein sette tilbake slik det har vore. Vær merksam på føresegnene i kulturminneloven og Rundskriv Q-6/2020.
- Teknisk rom som nytt tilbygg til ein driftsbygning, og teknisk rom lagt inn i eit gravkapell, er søknadspliktige endringar. Teknisk tilrettelegging inne i ein driftsbygning treng ikkje eigen søknad.

Dersom desse føresetnadene er til stades, vil tiltak med røyr og vasstank ikkje være vesentleg endring av gravplassen som Statsforvaltaren skal handsame, ut frå § 4 i gravplassloven.

Tilsvarande føresetnader vil også gjelde for andre sikringstiltak slik som til dømes montering av lynvernanlegg og legging av straumkabel.

Referansedokument

- Gravplassloven, § 4
- Forskrift til gravplassloven, § 8 Grunnvann og drenering mv.
- Rundskriv Q-06/2020 Forvaltning av kirke, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø. (Barne- og familiedepartementet og Klima- og Miljødepartementet.)



Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

April 2021